



Stad
kommune



PILEGRIMSSENTER
SELJE

MANDAT FOR REGIONALT PILEGRIMSSENTER SELJE SI RESSURSGRUPPE

Vedteke i Stad Kommunestyre 02.05.2024 (K-sak 24/062)

1. Bakgrunn:

- Regionalt pilegrimssenter Selje (heretter RPS) inngår i det nasjonale nettverket av St. Olavsvegane til Trondheim, som har status som Europeisk kulturrute, og er ein del av Kystpilegrimsleia. Pilegrimssenteret skal vere finansiert av stat (60%), fylkeskommune (20%) og kommune (20%), jfr. Langtidsplan for pilegrimssatsinga 2017-2037.
- Pilegrimsarbeidet skal bida til verdiskaping og positiv utvikling langs leia, ha ei tydeleg kyrkjeleg forankring og vere inkluderande for menneske med ulik tru, kultur og tradisjon.
- RPS Selje skal koordinere satsinga i sitt geografiske definerte ansvarsområde, som er tidlegare Sogn og Fjordane frå Fensfjorden i sør til grensa mellom Vestland og Møre og Romsdal fylkeskommunar i nord. Dette omfattar også nøkkelstadene Gulatingsletta, Kvernsteinsparken i Hyllestad, Svanøy Hovedgård, Kinn kyrkje og Selja kloster.
- Arbeidet ved RPS Selje skal fremje pilegrimssatsinga gjennom samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, kyrkjelydar, reiselivs- og næringsaktørar, frivillige organisasjonar, grunneigarar og kulturinstitusjonar innanfor regionen. Arbeidet er forankra i dei fire pilarane i pilegrimssatsinga: Kyrkje, kultur, næring og miljø.

1.1. Styringsstruktur og forankring for ressursgruppa til Regionalt Pilegrimssenter Selje

Dei overordna føringane for Regionalt Pilegrimssenter Selje (RPS Selje) er forankra i:

- *Statlig strategi for pilegrimssatsingen, 2012.*
- *Veien fram mot 2037. Langtidsplan 2017-2037. Pilegrimsleden – en reise som berører.*
- *Rammeavtale mellom Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider ved Nasjonalt pilegrimssenter og Regionalt pilegrimssenter Selje, 2020.*

I rammeavtalen §2 heiter det at: *RPS skal være egen virksomhet med eget styre, eller avdeling med eget budsjett og regnskap i en etablert virksomhet. RPS skal organiseres og virke slik at pilegrimssatsingen fremmes gjennom samarbeid med kommuner, fylkeskommuner, menigheter av*

ulike konfesjoner, reiselivs- og næringslivsaktører, frivillige organisasjoner, grunneiere og kulturinstitusjoner innenfor regionen.”

1.2. Organisatoriske rammer for RPS Selje

- Dagleg leiar ved RPS Selje har ansvar for den daglege drifta ved senteret, inkludert budsjett, rekneskap, verksemdsplanar, årsrapportar og koordinering av arbeidet innanfor det geografiske ansvarsområdet.
- I samsvar med rammeavtalen §2 er RPS Selje organisert som ei teneste i Stad kommune. Stad kommunestyre vert som følgje det øvste organet for RPS Selje.
- Stad kommunestyre skal årleg godkjenne verksemdsplan og årsrapport for Selje RPS.
- Det vert oppretta ei ressursgruppe for RPS Selje. Ressursgruppa skal bidra med innspel til verksemdsplan som administrasjonen legg fram til godkjenning i Stad kommune.

2. Ressursgruppa sitt formål, ansvarsområde og samansetting

- Ressursgruppa sitt formål er å bidra til at RPS Selje saman med sine samarbeidspartar oppfyller sine oppgåver innanfor dei fire pilarane kyrkje, kultur, næring og miljø.
- Ressursgruppa skal gje innspel til verksemdsplanar og strategiar, og medverke til utvikling av senteret.
- Ressursgruppa skal vere ein støttespelar og ein ressurs for dagleg leiar ved RPS Selje og bidra til samarbeid og utvikling av Kystpilegrimsleia innanfor det geografiske ansvarsområdet, inkludert nøkkelstadene.
- Ressursgruppa skal bidra til god forankring og samordning av pilegrimsarbeidet i sine organisasjonar, vere eit bindeledd og knyte kontaktar med samarbeidspartar langs leia.
- Ressursgruppa skal vere ein pådrivar for at finansieringsmodellen i langtidsplanen blir følgd opp av dei tre partane stat, fylkeskommune og kommune.
- Ressursgruppa har ikkje formelt vedtaksmynde i saker som gjeld RPS Selje.
- Ressursgruppa skal vere ein høyringspart for saker som vedkjem RPS Selje.

2.1 Ressursgruppa si samansetting

Ressursgruppa for RPS Selje bør bestå av representantar for dei fire pilarane kyrkje, kultur, næring og miljø:

- Kyrkje v/ Bjørgvin bispedøme
- Kultur v/ Vestland fylkeskommune, avdeling for kulturarv (administrasjon)
- Næring v/ Visit Sunnfjord og Fjordkysten , Visit Nordfjord og Stad Vekst
- Miljø v/ Fjordane friluftsråd
- Politisk nivå i Stad kommune som vertskapskommune

- Politisk nivå i Vestland fylkeskommune
- Frivilligheita v/Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva
- Ein representant frå nøkkelstadene, rullerer kvart 2. år

Det vert oppnemnd ein representant med ein vara frå kvar av desse partane.

Ressursgruppa vel sjølv leiar. Det skal tilstrebast god kjønnsbalanse i ressursgruppa.

3. Arbeidsform

- Dagleg leiar for RPS Selje fungerer som sekretariat og kallar inn til møter i samråd med leiar for ressursgruppa. Det blir halde 3 møter i løpet av året, eller ved behov. Minst eitt møte i året er fysisk.
- Innkalling, referat, sakliste og saksdokument blir sendt ut til medlemmer og varamedlemmer minst ei veke før møte.
- Medlemmer skal gi beskjed ved forfall, slik at vara kan kallast inn.
- Det skal førast referat for kvart møte.

4. Evaluering

Ressursgruppa skal evaluere sitt mandat kvart 2. år, eller ved behov. Eventuelle endringar i mandatet blir godkjent av Stad kommune.

Mandatet for ressursgruppa vert formelt godkjent av Kommunestyret i Stad kommune.